



Voss kommune
Uttrågata 9
Postboks 145
5701 VOSS

Dato: 06.07.2017
Vår ref.: 2014/215-35
Saksbehandlar: gurklyv
Dykkar ref.:

Arealoverføring - Søknad om frådeling av tilleggsareal som omfattar eigedomane gnr. 47, bnr. 129, bnr. 183 og bnr. 212 i Voss kommune.

1. Bakgrunnen for søknaden om frådeling

Hordaland fylkeskommune (HFK) er eigar av skuleeigedomene Voss Gymnas, gnr. 47 bnr. 129, med adresse Gymnasvegen 5. Fylkeskommunen bygger no nytt / utvida skulebygg på eigedomene, og vi viser til reguleringsplan for Skulehaugen på Voss, plannr. 09010, vedteken i Voss kommunestyre 28.11.2013.

Bustadeigedomane gnr. 47 bnr. 183, Gymnasvegen 20, og gnr. 47 bnr. 212, Gymnasvegen 22, ligg innafor planområdet. I planen er det regulert inn ein ny hovudtilkomst til eigedomane, og delar av denne går over gnr. 47 bnr. 183.

I avtale datert 16./30.09.2015 aksepterte eigarane av Gymnasvegen 20 og Gymnasvegen 22 at Veg o_G/s vart etablert i samsvar med reguleringsplanen. Sjå punkt 2 i vedlagte avtale, vedlegg Q-1.

Av punkt 9 i same avtale følgjer det at HFK får erverve delar av bnr. 183 for framføring av veg. Dette arealet er markert med grøn farge på vedlegg D-3, og er Parsell 2. Arealet er ca. 110 m².

Bnr. 183 får igjen et areal av HFK som er vist på vedlegg D-3 med gul farge. Parsell 1 har eit areal på ca. 150 m².

Gjennom avtalen pliktar HFK å følgje opp og koste at dette makeskiftet vert gjennomført, enten ved arealoverføring eller grensejustering.

I tillegg går det fram av punkt 9 i avtalen at HFK skal sørge for og koste grensejustering mellom bnr. 183 og bnr. 212, slik at det smale stykket som HFK eig mellom eigedomane vert delt likt mellom bnr. 183 og bnr. 212. Bnr. 212 sin del er markert med rosa farge på vedlegg D-3, og er Parsell 3.

2. Søknad om dispensasjon

Arealet som skal overførast frå bnr. 129 og leggjast til bnr. 183 er regulert til grøntstruktur. Bnr. 183 er regulert til bustadføre mål.

Frådelinga er såleis ikkje i samsvar med reguleringsplanen, og vi søker om dispensasjon frå arealføremålet i planen.

I HFK sin reguleringsplan for Nye Voss Gymnas er tilkomstvegen for bustadeigedomane bnr. 183 og bnr. 212 endra, og den nye tilkomstvegen går, som nemnd ovanfor, over bnr. 183 sin eigedom. Den nye veggen er no ferdig etablert, og bnr. 183 har «mista» ca. 110 m² av arealet sitt (Parsell 2). Gjennom eit makeskifte der HFK overfører Parsell 2 på ca. 150 m² til bnr. 183, får bnr. 183 attende det dei har gjeve frå seg.

Det dreier seg her om små areal, og justering av grensene mellom dei to formåla vil vere ei mindre endring. Parsell 2 har ei slik plassering at det ikkje vil gå ut over HFK sin bruk av skuleeigedommen at dette arealet blir overført til bnr. 183, medan det for bnr. 183 vil vere ein stor fordel å få innlemma arealet i bustadeigedommen sin.

Vi meiner såleis at vilkåra for dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 vil vere oppfylt her.

3. Nabovarsling

Det følgjer av plan- og bygningslova § 21-3, 2. ledd at nabovarsling etter 1. ledd «..kan unnlates når arbeidet ikke, eller i liten grad, berører interessene til naboer og gjenboere.»

Tiltaket vil føre til små justeringar av grensene for bnr. 129, bnr. 183 og bnr. 212. Det aktuelle området ligg slik til at frådelling av dei 3 parsellane samt dispensasjon frå arealføremålet i reguleringsplanen ikkje vil, eller i liten grad, få verknad for andre.

Då det ligg føre avtale mellom bnr. 129, bnr. 183 og bnr. 212, vedlegg Q-1, har dei aktuelle partane blitt varsla, og vi ber om fritak for å varsle andre.

Dersom det er spørsmål til søknaden, kan desse rettast til Guro Klyve pr. telefon 55 23 95 13 / 98 21 22 67 eller pr. e-post guro.klyve@hfk.no.

Guro Klyve
stabsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg
Blankett 5174 m/vedlegg
Blankett 5175
Blankett 5880